

I tida som har gått etter at den siste norske utgreiinga om genteknologi og genmodifiserte organismar kom i 2000 har fagfeltet sett ei rask utvikling. Ny kunnskap om genetik, og meir potente genteknologi- og genmodifiseringsmogleggheter, men også auka potensiale for skade. Debatten om genteknologi ber preg av strid på alle nivå, frå grunnleggjande spørsmål om kva teknologien eigentleg gjer, til spørsmål kva for verdiar som står på spel. Bør vi ha fokus på potensialet for løysing av store samfunnsutfordringar, og deregulering, eller på nye former for risiko som treng ny regulering? Er regulering eit unødvendig hinder for innovasjon, eller er det ein føresetnad for trygg bruk? Utviklinga på genteknologifeltet utfordrar oss som samfunn til å tenkje igjennom desse spørsmåla og utforme eit lovverk som svarer på nye utfordringar. Departementet skal ha honnør for å ta initiativ til utgreiinga og for å ha gjeve Genteknologiutvalet eit breitt og relevant mandat.

Utvalet har samla sett gjort eit godt og grundig arbeid innafør dei avgrensingane som utvalet sjølv har gjort av mandatet. Det gir likevel grunn til uro at utvalet ikkje har makta å kome fram til ei samstemt tilråding. Det er til dels stort mishøve mellom mindretalet og fleirtalet sine tilrådingar. Vi skal peike på nokre av utfordringane dette skaper, og på korleis dei kan handterast.

NOU 2023:18 er prega av polarisering (1). Polariseringa kan sjåast i samanheng med utvalets samansetjing, mandat og moglege interessekonfliktar internt i utvalet (2). Splittinga av utvalet i to leirar resulterer i ei uheldig fagleg innsnevring (3) og ei unødvendig moralisering av debatten (4) som munnar ut i ei oppstilling av falske alternativ (5) som i staden for å byggje tillit til fagleg ekspertise, er eigna til å svekke den (6).

1. Usemje og polarisering. Det er ikkje nytt at det offentlege ordskiftet omkring genteknologi og genetisk modifiserte organismar er prega av usemje og polarisering. At polariseringa også blir reflektert i fagmiljøa er ikkje overraskande. Det indikerer at spørsmåla er omstridde også av faglege grunnar. Det er likevel urovekkjande at Genteknologiutvalet ikkje har funne fram til forslag som både tek omsyn til mindretalets og fleirtalets synspunkt.

2. Utvalsmedlemer, mandat og interessekonfliktar. Medlemene i utvalet representerer eit breitt spekter av fagleg ekspertise, institusjonar og interesseorganisasjonar. Av dei 12 opphavlege medlemmene har *ein* (Fauchald) trekt seg seint i prosessen, etter det han oppfatta som mistillit frå utvalsleiar. Fauchald stemte i følge rapporten (kap. 2) med mindretalet i prøvevoteringar. Det er såleis rimeleg å leggje til grunn at utvalet var delt i eit fleirtal på 7 mot eit mindretal på 5 (inkludert Fauchald). Mindretalets merknader i kapittel 2 (2.5) er oppsiktsvekkjande og fortel om ein "kritikkverdig prosess" der utvalet frå hausten 2022 til ferdigstilling primo juni 2023 i praksis arbeidde som to delutval. Utvalsleiar Anna Troedsson-Wargelius valde å slutte seg til fleirtalsgruppa. Denne framstillinga vert dels imøtegått, dels stadfesta av fleirtalets og utvalsleiar sine motmerknader (2.4). Den breie faglege bakgrunnen til utvalet sett under eitt signaliserer ein ambisjon frå oppdragsgjevar si side om å få fram eit mangfald av perspektiv på problemstillingane i mandatet. Kløyvinga av utvalet ser ut til å følgje fagleg bakgrunn og ekspertise på den måten at dei som utgjorde fleirtalets medlemmer så nær som ein, arbeider med utvikling og bruk av genteknologi, medan mindretalets medlemmer har den juridiske fagkunnskapen og ekspertise både frå

genteknologi og studiar av teknologiutvikling. At utvalet har medlemmer som har djup ekspertise på dei tekniske aspekta ved genteknologi og sjølve driv forskning innanfor feltet er opplagt ein styrke gitt at utvalet også er balansert med annan ekspertise. Men når utvalet blir delt på ein slik måte at den tekniske ekspertisen definerer seg som eit fleirtalsutval kan interessekonfliktar oppstå og perspektivet bli einfelt. Til dømes vil liberalisering og deregulering av genteknologifeltet opne opp fleire lovande forskingsfelt for aktive forskarar. Etter at utvalet no har levert ei delt innstilling bør dette aspektet vektleggjast i det vidare arbeidet med NOU 2023:18. Til dømes er leiaren av Genteknologiutvalet sjølv registrert som oppfinnar i fleire patentsøknader knytt til genetisk modifisert laks. Dette er opplysningar med relevans for det vidare offentlege ordskiftet og for lovgivar. Denne potensielle interessekonflikta bør adresserast av Departementet. Den indikerer også at mindretalets stemme i utgreiinga bør bli tillagt stor vekt.

3. Fagleg innsnevring

Frå eit vitenskapsteoretisk perspektiv er det uheldig når eit utval som er samansett for å dekkje et breitt spekter av fagleg ekspertise og perspektiv endar opp med å arbeide som to separate delutval. Når utvalet deler seg etter allereie etablerte (disiplinære) skiljeliner kan det føre til at medlemmane i lita grad får utfordra og nyansert si forforståing. Dette kan vidare føre til snevrare analysar, mindre gjennomdrøfta konklusjonar, og dermed veikare funderte tilrådingar. Ein delt arbeidsprosess kan også reise spørsmål ved *legitimiteten* til arbeidet og tilrådingane. I dette tilfellet, der eitt medlem trekte seg grunna opplevd mistillit, vert disse problemstillingane forsterka. Bakgrunnen for Fauchalds avgang indikerer ein underliggjande dysfunksjonell gruppedynamikk prega av fastlåste posisjonar og manglande respekt for ulike meiningar og faglege vurderingar.

4. Tendensiøs moralisering av debatten

Rapporten skaper i kap. 9 (9.2.1.4) inntrykk av at det føregår ein diskusjon "nasjonalt og internasjonalt" om det er "uetisk å ikke ta i bruk genteknologi som kan løse miljøproblemer". Det blir referert til ein rapport frå Dansk Etisk Råd for å grunnje påstanden, men referansen er misvisande ettersom Rådet ikkje brukar ordet "uetisk", men uttrykket "etisk problematisk". For å illustrere den påståtte "nasjonale" debatten blir det referert til en kronikk i *Nationen* frå 2020 skriven av ein masterstudent i biovitenskap, men ordet uetisk finst heller ikkje her. Til sist vert det referert til eit avisoppslag i *Nationen* der Grønn Ungdom uttalar seg for legalisering av genmodifisert mat. Heller ikkje her førekjem ordet. Dette er tendensiøs referansepraksis og ikkje i tråd med god vitenskapleg skikk. Ein kan mistenke eit forsøk på fabrikkere støtte for fleirtalets standpunkt. Fleirtalet har i ein oppsummerande kronikk då rapporten vart levert (*Dagsavisen* 12. juni 2023) hevda at det er "uetisk" å motsette seg den liberaliseringa av genteknologipolitikken som fleirtalet målber. At fleirtalet karakteriserer mindretalstilrådinga slik er oppsiktsvekkjande, usakleg, og stadfester inntrykket av ei uforsonleg konflikt internt i utvalet.

5. Falske alternativ

Fleirtalsposisjonen, som blir presentert i NOU 2023:18 og i fleirtalets kronikk i *Dagsavisen*, definerer alternativa som eit val mellom *enten* å fremje den genteknologiske utviklinga ved ei liberalisering av lovverket, *eller* å vere ein hemsko for utviklinga gjennom ei avgrensa tilpassing for nokre typar av genmodifisering. I ei slik forteljing om dårlig tid ("det hastar") og uavvendeleg utvikling ("toget går"), får ein inntrykk av at "ekspertar" allereie veit kvar vi skal. Dette enten-eller-sporet vitnar om ei snever forståing av teknologisk utvikling. Faktum er at vi (inkludert ekspertar av alle slag) ikkje veit kva for vegval som er rett for genredigering og relaterte teknologiar. Spørsmålet om kva som er ei god retning er eit

politisk og moralsk spørsmål, ikkje vitenskapleg. Mindretalsposisjonen utfordrar det snevre fokuset på om teknologien er trygg eller ikkje, og fokuserer i staden på korleis ein best kan sikre trygg utvikling av teknologien og produkta den produserer uansett kva som kjem av teknologiske nyvinningar og produktinnovasjon (risikovurdering frå sak til sak med fokus på produktet, ikkje teknologien, utvida offentleg innsyn og deltaking, merking og overvaking av produkt, etc.) Minoritetsperspektivet etablerer verktøy for å bremse, reflektere, og utforske på breiare basis når dette er nødvendig for å vurdere vegvala etter som genteknologien utviklar seg.

6 Tillit

Ålmenta sin tillit til offentlege utgreingar er knytt til at dei representerer eit mangfald av perspektiv, og at utgreiingsarbeidet vert organisert på en måte som gjer det mogleg å greie ut faglege og verdimessege usemjer på en konstruktiv måte, ope, med respekt, gjennom samarbeid og kompromiss. NOU 2023:18 *Genteknologi i en bærekraftig fremtid* vitnar om spenningar og stor fagleg usemje om teknologiens nytte og risiko og ulike idear om kva for ei framtid teknologien vil vere med på å skape, og i kva grad vi som samfunn kan forme den. Slik bidreg utvalet til å sementere og forsterke ei allereie uheldig polarisering i det offentlege ordskeiftet.

Oppsummert

Fleirtalet i Genteknologiutvalet synest å meine at spørsmål om risiko knytt til eksisterande genteknologi i det store og heile er avklart og at tvil (her: usikkerheit som ikkje er reduserbar til risiko) er eliminert ("Vitenskapen har talt: Genteknologi er en trygg og effektiv metode"). Vidare synest utvalet å meine at dei etiske spørsmåla dermed i prinsippet kan overlatast til ei konsekvensetisk kost-nytte-analyse utført av ein ekspertkomite ("Etikken er like klar: Det er uetisk å la være å bruke genteknologi")¹. Mindretalet synest på si side å insistere på at sjølv om delar av teknologien er kjent og føreseieleg, og såleis kan regulerast mindre strengt, må ein ta høgde for at lova også skal kunne omfatte mindre utprøvde teknologiar og produkt, samt teknologiar og produkt vi ikkje kjenner i dag. Dermed trengst risikovurdering frå sak til sak, ikkje *en bloc*. Etiske og politiske vegval kan ikkje overlatast til ein ekspertkomite, men må involvere borgarar på breiare basis.

Korleis skal Departementet og eventuelt lovgjevar forhalde seg til denne polariserte utgreinga? Vårt klare råd er at mindretallets tilrådingar må vege tungt i det vidare arbeidet med rapporten, av grunnar som er skisserte ovanfor.

¹ Den fulle formuleringa lyder: "Vitenskapen har talt: Genteknologi er en trygg og effektiv metode for å utvikle legemidler, produkter til mat og fôr, og klimatilpassningsdyktige organismer. Etikken er like klar: Det er uetisk å la være å bruke genteknologi som kan bidra til å løse presserende globale utfordringer." Gamlund et al./Flertallet i Genteknologiutvalget (2023) "Uetisk å la være å satse på genteknologi" I: *Dagsavisen* 12.06.2023) <https://www.dagsavisen.no/debatt/2023/06/12/uetisk-a-la-vaere-a-satse-pa-genteknologi/>